

Årsmøte Grendelaget 27/11 -2017

Årsmøtet blei starta av korpset som spelte ute i kafeen på Vindafjordhallen for dei 29 frammøtte.

Ordførar Ole Johan Vierdal og Erik Baust representerte Vindafjord kommune og informerte om planane dei har framover :

- Grendelaget blei oppmoda om å "pushe" på Vegvesenet ang sikkerheita til skuleelevane longs 60- sona ved skulen.
- På spørsmål om å få til ein offentleg badeplass attmed Vatsfjorden så må Grendelaget sende innspel til kommunen ang dette.
- Fiberutbygging, der må det tas kontakt med Haugaland Kraft, og flest mogleg av innbyggjarane i Vats må gå inn på nettsida til Haugaland Kraft og melde sin interesse for fiber.
- Sykkel og gongveg frå Knapphus til Kårhus, kva vil ein reguleringsplan koste, dette skal dei i kommunen sjekke opp og komme attende med eit prisanslag på det.
- Knapphuskrysset, stor trafikkauke her, kommunen tar dette vidare med Vegvesenet.

Stig Hatteland kom og snakka om Hatteland, dei har stor tru på framtida, nye prosjekt er blant anna prima protein og medeigar i fiberkabel frå England.

AF Decom sin representant fortalte om aktiviteten på Raunes, dei har mykje å gjere no, rolegare i 2018 på land, og i 2019 -21 ventar dei inn store prosjekt.

Ungdomslaga i Vats, ungdomslaget i Nedre Vats eig ungdomshuset, men det er ikkje brukande pga forfall, det kom forslag om at det heller bør seljast/rivast og at ein heller bruker bygda sitt hus , Vindafjordhallen.

Årsmøtesaker, årsmeldinga vart gjennomgått av ordstyrar Liv Vatnedal og vart godkjent.

Endring i vedtekter blei godkjend med ein liten endring i teksten. Då vert vedtektta om valnemnda slik: Valnemnd, 3 stk av dei som sist gjekk ut av styret, ein av desse blir utnemnd til å vera leiar i valnemnda og kalle inn til møte.

Val av nytt styre: nye medlemmer i styret er Christine Skrunes Sandvik, Monica Nesheim og Tor Olav Gregersen.

Det vart oppmoda om å bruke Vatsnett til annonsering og å legge ut referata der.